

Retningslinjer for kulturmidlar

Sogndal kommune - høyringsutkast

I 2020 blei kommunane Balestrand, Leikanger og Sogndal slegne saman til nye Sogndal kommune. Dei tre gamle kommunane hadde ulik praksis kring tildeling av kulturtilskot. Frå 2021 er det utarbeidd nye felles retningslinjer for kulturmidlar.

Føremål

Sogndal kommune tildeler kulturmidlar for å

- fremja eit allsidig kulturliv
- stimulera til nye idear, samarbeid og mangfald

Kommunale tilskot til frivillige organisasjonar skal bidra til å førebyggja samfunns- og ungdomsproblem, inkludere minoritetar, styrka fellesskapet og styrka medansvar, solidaritet og samfunnsansvar gjennom deltaking i det frivillige organisasjonslivet.

Tilskotskategoriar

Lag, organisasjonar eller andre kan søkja tilskot innan desse kategoriane:

1. Aktivitetsstilbod for barn og unge
2. Tilskot til allment kulturarbeid
3. Vedlikehald /oppgradering av forsamlingshus/bygdahus
4. Kulturminne/kulturarv
5. Kulturarrangement og -prosjekt
6. Andre stønadsordningar

I alle kategoriane vil aktivitet og samarbeidsprosjekt som rettar seg mot og/eller inkluderer born og unge, eldre, funksjonshemma og flyktningar/innvandrar i frivillige lag og organisasjonar, verta prioritert ved tildeling.

Felles vilkår for å søkja kulturtilskot frå Sogndal kommune:

- Søkjaren må vera ein organisasjon, eit lag eller einskildperson med base i Sogndal kommune, ev. må tiltaket søknaden omhandlar gjennomførast heilt eller delvis i kommunen.
- Eventuelt tilskot må omtalast i til dømes årsmelding eller anna informasjon som annonsering.
- Om søkjar er eit lag eller ein organisasjon, skal laget vera registrert i kommunen sitt register over frivillige lag og organisasjonar. Det er søkjar si plikt å halda informasjonen i registeret oppdatert.

Utvalet ynskjer synspunkt på om det vert opplevd som greitt at det skal stillast krav om registrering i enhetsregister og/eller frivilligregister for å søkja tilskot.

- Alle som søker om tilskot innan kategori 1 og 2, må ha eit medlemsregister og kunna dokumentera tal medlemmar over og under 18 år.
- Gjeld søknaden ein aktivitet, er søkjar plikta til å registrera denne i kommunen sin aktivitetskalender*.
- Kommunen tildeler ikkje tilskot til utstyr meint brukt i næringsverksemd.

* denne kalendaren er ikkje tilgjengeleg enno.

1. Aktivitetstilbud for barn og unge

Desse midlane kan søkast av alle lag og organisasjonar som driv eller arrangerer kulturtilbod for barn og ungdom. Dette gjeld all aktivitet, og tiltaket kan koma innanfor ei romsleg tolking av kulturomgrepet. Søkjar kan vera lag, samskipnader, institusjonar eller einskildpersonar som driv kulturarbeid i kommunen.

Sogndal kommune nyttar følgjande modell for fordeling av tilskot:

- Støtte til einskildsøknadar er avgrensa oppover til 10 prosent av samla pott til kulturmidlar.
- Inntil 2/3 av kulturmidlane skal fordelast etter medlemstal.
- Ut frå tal søknadar og medlemmar skal det fastsetjast ein sats for fordeling per medlem, der det per medlem i intervallet 1-50 medlemmar skal ha høg sats, 51-100 medlemmar skal ha middels sats og 101-200 medlemmar skal ha låg sats. Medlemstal ut over 200 medlemmar gjev ikkje utteljing i modellen.
- For særleg kostnadskrevjande aktivitetar kan denne modellen avvikast.

Under denne kategorien kan det og søkjast om tilskot til opplæring eller kurs av leiarar.

2. Tilskot til allment kulturarbeid

Desse midlane kan søkast av lag, organisasjonar eller andre som driv allment kulturarbeid, og som ikkje kjem under andre kategoriar.

Tilskotet til kulturføremål skal vera eit tenleg styringsmiddel for å løysa oppgåver innan kulturlivet i Sogndal kommune. Tilskota skal stimulera til kvalitet, styrka den lokale kulturen og koma flest mogeleg av innbyggjarane i kommunen til gode.

Under denne kategorien kan det og søkjast om tilskot til opplæring eller kurs av leiarar.

3. Forsamlingshus/bygdahus

I Sogndal kommune er det fleire forsamlingshus som blir nytta til opne og private arrangement, og av store delar av innbyggjarane i kommunen. Det skjer mykje kulturaktivitet i desse husa, og det er i kommunen si interesse at desse bygga blir drifta godt.

Huseigar kan søkja tilskot til

- vedlikehald av bygningsmasse
- oppgradering som gjer bygningen i stand til å tilby større mangfald av aktivitet
- oppgraderingar av naudsynt utstyr
- oppgradering som fremjar universell utforming

Sogndal kommune kan løyva tilskot opptil 50 prosent av tiltaket sin verdi.

Utvalet ynskjer tilbakemelding om andre tiltak som ev. kan hjelpe økonomien til husa, t.d. felles forsikringsordningar, og om eller utleigeportal som Aktiv kommune kan vera aktuelt å ta i bruk?

4. Kulturminne/kulturvern

Denne tilskotsordninga skal stimulera til tiltak som tek vare på, eller forvaltar det lokale kulturmiljøet eller kulturarven, som bygningar og ikkje - materielle kulturminne. Prosjekt som kjem under SMIL-ordninga eller under andre tilskotsordningar frå kulturminnefondet eller fylkeskommunen, kan ikkje søkja.

Døme på tiltak det kan søkjast tilskot til:

- Bygningsvern
- Tiltak som gjer kulturminnet tilgjengelig for fleire
- Formidling av historia til kulturminnet

Tiltaket må vera påbyrja innan eitt år etter at tilskot er motteke. Søklar må gje ein kortfatta skriftleg rapport til kommunen innan tre månadar etter at tilskotet er brukt.

Sogndal kommune kan løyva tilskot opptil 50 prosent av tiltaket sin verdi.

5. Einskildarrangement eller -prosjekt

Tilskotsordninga gjeld:

- Arrangement innan kultur, kunst, musikk, idrett, friluftsliv, ofte i form av underskotsgaranti til slike tiltak
- Aktivitetsdagar og andre aktivitetstiltak
- Utstillingar eller andre kunstprosjekt

Krav til einskildarrangement og -prosjekt:

- Arrangementet/prosjektet, eller delar av det, må skje i kommunen
- Om prosjektet/arrangementet skal avviklast andre stader enn i Sogndal kommune, må tilskipinga vera lett tilgjengeleg for Sogndal sine innbyggjarar
- Mottakarar av arrangementsstøtte pliktar å ha fri tilgjenge for personar som har følgjekort
- Arrangement skal i all hovudsak vera alkoholfrie og ikkje profittbaserte.

For tilskot til einskildarrangement og -prosjekt er søkjer pliktig til å levera rapport og stadfesta rekneskap snarast råd etter at tiltaket er gjennomført.

Sogndal kommune kan løyva tilskot opptil 50 prosent av tiltakets verdi.

6. Andre stønadsordningar

Kommunen har over etablert andre tilskotsordningar:

- Avtale om faste tilskot til årlege festivalar eller faste tiltak
- Sogndal idrettsråd har dei seinare fått løyvd eit beløp av kommunestyret til idrettslag som betalar halleige i fylkeskommunale hallar. Søknad om slike midlar må rettast til idrettsrådet.

Nærmiljøtiltak har eiga søknadshandsaming.

Søknadsprosess

Kulturmidlane vert kunngjorde i februar månad, med hovudsøknadsfrist 1. april. Einskildsøknadar i kategori 5 og 6 har følgjande fristar: 1. april og 1. september. I alle kategoriar vert det sett av 10 prosent til ei resttildeling.

Søknaden skal innehalda informasjon om søkjaren (føretaksnummer, kontaktperson, adresse osv.) og ei skildring av aktiviteten/tiltaket det vert søkt om.

For at søknaden skal bli vurdert, skal følgjande vedlegg leggjast ved:

- Årsmelding frå laget/organisasjonen
- Siste års godkjende rekneskap
- Dokumentasjon på medlemstal
- Budsjett for søknadsåret, eventuelt budsjett for tiltaket det vert søkt om midlar til og/eller ein detaljert prosjektplan

Alle må søkja via elektroniske skjema på nettsidene til Sogndal kommune.

Søklar kan venta svar i hovudsøknadsrunden seinast 1. juli. Søknadar til andre fristar vil bli handsama innan ein måned.

Klage

Det er mogeleg å klaga på vedtaket i samsvar med § 28 i forvaltningslova. Klagen skal sendast skriftleg til den eininga som har gjort vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen vedtaket kom fram til mottakar.